

Amalie Gjøsdal Wollmann

***Miljøterapi + Aktivitet = Meistring?***  
Korleis Aktivitetar i miljøterapeutisk  
kontekst kan bidra til å fremje  
meistring hjå barn i  
barnevernsinstitusjon.

***Milieu-therapy + Activity = Accomplishment?***  
Activity Through milieu-therapy and it's influence  
on children to achieve accomplishment, in child  
welfare institutios

Hovudoppgåve i Sosialt arbeid  
Rettleiar: Gunnhild Vist

Mai 2023



Kunnskap for ei betre verd



Amalie Gjøsdal Wollmann

***Miljøterapi + Aktivitet = Meistring?  
Korleis Aktivitetar i miljøterapeutisk  
kontekst kan bidra til å fremje meistring  
hjå barn i barnevernsinstitusjon.***

***Milieu-therapy + Activity = Accomplishment?***  
Activity Through milieu-therapy and it's influence on  
children to achieve accomplishment, in child welfare  
institutions

Hovudoppgåve i Sosialt arbeid  
Rettleiar: Gunnhild Vist  
Mai 2023

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap  
Institutt for sosialt arbeid



## Samandrag

Barn i institusjon har ein samansett historikk som kan gjere moglegheita for å tilpasse seg resten av samfunnet, vanskeleg. På grunn av tidlegare erfaring og tillært åtferd er utgangspunktet til desse barn dårlegare enn barn som bur i familiar med tilstrekkeleg omsorgssituasjon. Dette kan få følgjer for barnet i form av låg resiliens, dårleg sjølvkjensle og lite tru på eiga meistring. Barna oppheld seg i ein situasjon dei ikkje klarer å kome seg ut av utan tilstrekkeleg hjelp. I barnevernet sine institusjonar nyttar ein miljøterapi som arbeidsform, i arbeidet med barna som bur der. Gjennom miljøterapi kan ein ved hjelp av å strukturere og forme omgjevnadane rundt barnet, skape eit rom for læring, personleg ansvar, utvikling og meistring. I denne oppgåva har eg vidareført denne tematikken og sett på kva faktorar innan aktivitet som kan føre til meistring, i form av miljøterapeutisk arbeid. Difor har eg valt problemstillinga: *På kva måte kan aktivitet i miljøterapeutisk kontekst, føre til meistring for barn i barnevernsinstitusjon?* I form av ei litterær oppgåve har eg teke utgangspunkt i allereie eksisterande litteratur på feltet for å svare på denne problemstillinga. Gjennom oppgåva har eg gått i djupna på omgrepa miljøterapi, meistring, aktivitet i form av kvardagsleg aktivitet, musikk og hest og natur. Deretter kopla eg dette opp mot ein sosialarbeidar sitt arbeid med barn i barnevernsinstitusjon. Ut i frå dette har eg funne ut at gode relasjonar, god fagleg grunna omsorg, organisering, medverking, motivasjon, individuell tilpassing og sosial samhandling er nokre av faktorane som kan vere med på å skape ei viktig meistringskjensle for barna gjennom aktivitet.

## Abstract

Children in child welfare institutions have a complex background, which can make the possibilities of adapting to the rest of the society more difficult. Former experiences and acquired behaviour for these children are worse than for children who live in a family with sufficient caregiving. This can have consequences for the child in forms of low resilience, low self-esteem, and little to no faith in their own accomplishment. They find themselves in a situation they can't seem to get out of without sufficient help. Child Welfare Services institutions utilize milieu therapy as a working method in their work with the children who live there. Through environmental therapy one could structure and shape the environment around the child, create a room for learning, personal liability, development, and accomplishment. In this assignment, I have continued the thematic, and explored what factors in activities can lead to accomplishments in milieu therapeutic work. Therefore, I have chosen the following problem for discussion: *In what way can activity in milieu therapeutic context, lead to accomplishments for children in Child Welfare institutions?* In the form of a literary assignment, I have based my answer to the problem at hand on already existing literature in the field. Throughout this assignment, I have gone into the depths of the terms milieu-therapy, accomplishments, and activities in different forms such as everyday activity, music, and horse and nature. Thereafter, I connected this to a social worker's work with children in a Children Welfare institution. From this, I found that good relations, good professional care, organizing, complicity, motivation, individual adaptation, and social interaction are some of the factors that can contribute to creating an important feeling of accomplishment for the children through activity.

# Innholdsforteikning

Samandrag.....	1
Abstract .....	2
1.0 Innleiing.....	5
1.1 Ei kort innføring i val av tema.....	5
1.2 Bakgrunn og hensikt med studien .....	5
1.3 Oppgåva sin relevans for sosialt arbeid.....	6
1.4 Problemstilling .....	7
1.5 Avgrensingar og oppgåvestruktur.....	7
1.6 Oppgåva sin vidare struktur .....	7
2.0 Metode.....	9
2.1 Litterær oppgåve som metode .....	9
2.2 Søkeprosessen .....	9
3.0 Litteratur.....	11
3.1 Sosialt arbeid i barnevernsinstitusjon.....	11
3.2 Miljøterapi.....	12
3.3 Meistring .....	13
3.4 Aktivitet .....	14
3.4.1 Aktivitet i kvardagen .....	15
3.4.2 Musikk som terapi .....	16
3.4.3 Hest og natur som terapi.....	18
4.0 Drøfting .....	19
4.1 Barnevernsinstitusjon og det sosiale arbeidet.....	19
4.2 Gradvis framgang for å skape meistringstru.....	20
4.3 Motivasjon.....	21
4.4 Kvardagen i institusjon.....	22
4.4.1 Musikklytting som reiskap .....	22
4.5 Aktivitet i miljøterapeutisk kontekst .....	23

4.5.1 Musikkaktivitet som metode for meistring.....	23
4.5.2 Hest og natur som reiskap for meistring.....	25
4.5.3 Ulike aktivitetar, same mål.....	26
5.0 Avsluttande refleksjonar .....	27
Litteraturliste: .....	29

# 1.0 Innleiing

## 1.1 Ei kort innføring i val av tema

Eg valde denne tematikken fordi eg ikkje hadde so veldig mykje inngåande kunnskap om miljøterapi i barnevernskontekst. Samstundes verkar det for meg som eit spanande felt å arbeide med i framtida. Barnevernet er ein etat som skal verne om alle barn si sikkerheit og deira rettar til trygg oppvekst og tilstrekkeleg omsorg. Barn som lever under forhold som kan skade dei helsemessig og utviklingsmessig, skal få tilstrekkeleg hjelp, beskyttelse og omsorg (Barnevernlova, 2021, §1-1). Når familien sviktar, skal samfunnet i form av barnevernet, gå inn og sikre at barnet får den omsorga dei har rett på. Dette kan skje gjennom ulike tiltak og tilpassing, og skal ikkje vere meir inngripande enn naudsynt (Barnevernlova, 2021, §1-5). Når dette ikkje er godt nok for å sikre barnet sin tryggleik og oppvekst, vert meir inngripande tiltak sett i verk. Dette kan mellom anna vere å flytte barn til institusjon.

Barn er framtida sine vaksne og det er difor viktig å hjelpe dei som treng det, so bra som mogleg, slik at dei kan verte ein fungerande del av samfunnet. På grunn av denne samansette problematikken synest eg dette temaet og denne problemstillinga var ekstra spanande å setje seg inn i. Eg skal sjå nærmere på miljøterapi i samspel med aktivitet på ulike måtar, og korleis dette kan føre til at eit barn som elles ikkje klarer samfunnet sine standardiserte krav, likevel kan lukkast.

## 1.2 Bakgrunn og hensikt med studien

Dei fleste barn som vert flytta på institusjon, kan ein anta har ein samansett historikk og er i ei spesielt sårbar gruppe. I rapporten «de tror vi er shitkids» (Barneombudet, 2020, s.6) skildrar dei det problematiske rundt det å leve i institusjon. Institusjonane slit med å motivere og hjelpe barna, uavhengig av kor godt arbeid dei tilsette legg ned.

I den same rapporten legg dei likevel vekt på at arbeidet med motivasjon for behandling på institusjon, er essensielt for at opphaldet til barnet skal lukkast. Å legge ned eit godt grunnlag, skape gode relasjonar og individuell vurdering ut i frå kvart barn er nokre av hovudpunktene for god behandling. Medverking, tryggleik og meistringskjensle frå barnet, er viktige element for å kome i posisjon til å kunne gje hjelp til barnet. I tillegg legg rapporten vekt på viktige tiltak som fast og stabil personalgruppe, dagaktivitetar når det ikkje er skuleperiode, og at barnet får vere med å planlegge og strukturere kvardagen og innhaldet i han (Barneombudet, 2020, s.46).

Som skildra i rapporten er det vanskeleg å hjelpe barn som bur i institusjon til å oppleve motivasjon og meistringskjensle, men at dette likevel er nøkkelen til at barn skal ha det bra på institusjonen. Difor er hensikta bak mitt studie å løfte fram og finne samanhengar mellom faktorar i dei ulike aktivitetane, kva dei bør innehalde for å skape meistringskjensle, motivasjon og føre til positive inntrykk og utvikling gjennom eit miljøterapeutisk perspektiv. Samstundes vil eg belyse problematiske sider ved aktivitetane og kva dette kan føre til.

### 1.3 Oppgåva sin relevans for sosialt arbeid

FO sitt yrkesetiske grunnlagsdokument viser til at sosialt arbeid omhandlar heile mennesket og gjev ei retningslinje for korleis sosialarbeidarar som profesjonsutøvarar, etisk og fagleg skal tilnærma seg og behandle menneskjer (FO, 2015, s.2-5). Her skildrar dei mellom anna at sosialarbeidaren skal sjå heile mennesket, med eit individ- og samfunnsperspektiv og at sosialarbeidaren skal arbeide som ein koordinator mellom dei ulike tenestene og tilboda personen skal ha. I tillegg skildrar dei at det skal arbeidast for tillit, openheit, kommunikasjon, omsorg, nestekjærleik, solidaritet og rettferd (FO, 2015, s.5). Sosialarbeidaren skal med andre ord ivareta mennesket på best mogleg måte og legge til rette for at vedkomande får det best mogleg ut i frå sin livssituasjon.

Den globale definisjonen på sosialt arbeid er: «Sosialt arbeid er et praksisbasert yrke og en akademisk disiplin som fremmer sosial endring og utvikling, sosialt samhold, myndiggjøring og frigjøring av mennesker.» (FO, 2017).

På grunn av dette er det vanlig at mange sosialarbeidarar arbeider i barnevernsinstitusjonar, nettopp fordi eit barn, som andre individ treng dette heilskaplege synet på seg. Barn som vert plassert på institusjon, har gjerne ein utfordrande historikk med familie, skule, sosialt og meir. Her kan ein sosialarbeidar gå inn og sjå på dei ulike delane, setje det i samanheng og forstå barnet ut i frå dei ulike perspektiva.

I institusjon er det miljøterapi som primært vert nytta som arbeidsmetode i ulike former (Kvaran & Holm, 2012, s.107). Dette inngår difor som ei av arbeidsmetode ein sosialarbeidar nyttar i arbeidet sitt. Miljøterapien omhandlar omsorg, utvikling av personen og terapi ved hjelp av miljøet (Larsen, 2018, s.23). Innanfor institusjonsarbeid er aktivitet eit viktig element for å fremje det miljøterapeutiske arbeidet (Kvaran & Holm, 2012, s.76). Eit av måla i sosialt arbeid er at individet skal få moglegheit til å kjenne på ei meistring i eige liv (Ellingsen &

Skjefstad, 2015, s.109). Gjennom aktivitet kan ein få tilgang på ei meir betydningsfull meistring enn berre det å prestere godt i aktiviteten (Ulset, 2009, s.89).

Oppgåva omhandlar utsette barn og unge, i barnevernsinstitusjon og korleis det miljøterapeutiske arbeidet gjennom aktivitet kan styrke relasjon, samhald og føre til meistring. Dette viser at tematikken er relevant for sosialt arbeid.

#### 1.4 Problemstilling

På grunnlag av det eg har nemnt ovanfor har eg valt problemstillinga:

*«På kva måte kan aktivitet i miljøterapeutisk kontekst, føre til meistring for barn i barnevernsinstitusjon?».*

#### 1.5 Avgrensingar og oppgåvestruktur

I denne oppgåva vert det skildra arbeidsmetodar og aktivitetar som kan passe til mange ulike aldersgrupper, livssituasjonar og problematikk. Likevel har eg valt å setje tematikken opp mot barn i barnevernsinstitusjonar fordi dette er ei konkret gruppe med menneskjer som eg ynskjer å lære meir om. Barn er framtida sine vaksne og det er viktig at vi lærer av tidlegare erfaringar og kunnskap på feltet, samt arbeider for å vidareutvikle denne.

Gjennom oppgåva mi har eg eit individorientert perspektiv på barnet. Alderen på barn som er i omsorg frå barnevernet kan vere frå fødsel (0 år) til fylte 25 år, etter barnevernlova (2021, §3-6). Dette er eit vidt spenn i alder og eg definerer difor min bruk av ordet barn som ca. 10-15 år. Dette gjeld i dei tilfella eg omtalar dømer eller generell litteratur om barn og barn i institusjon. I prosjekta og studia eg skildrar er aldersgruppene ulike men eg vil i drøftingsdelen kome med argumentasjon for deira relevans til mi definerte aldersgruppe.

Det finnast mange forskjellige institusjonar som er spesialiserte innanfor konkrete felt. Eg har i mi forståing og bruk av ordet valt å ikkje fokusere på ein spesifikk institusjon anna enn at det er snakk om barnevernsinstitusjon, med fokus på omsorg og miljøterapi.

#### 1.6 Oppgåva sin vidare struktur

Vidare i oppgåva presenterer eg metoden eg har nytta, og presenterer korleis eg fann fram til litteraturen eg har nytta for å svare på problemstillinga. I kapittelet eg presenterer valt litteratur skildrar eg mellom anna ulike perspektiv på miljøterapi, kva kopling sosialt arbeid

har til institusjon, aktivitet i ulike former og prosjekt eller studiar gjort innanfor musikkterapi og natur og dyrehald, saman med ein presentasjon på forståinga av omgrepet meistring. I drøftingskapittelet tek eg føre meg den valde litteraturen og nyttar denne for å drøfte og belyse ulike tematikkar opp mot kvarandre. Der skildrar eg mellom anna kva som må ligge til rette for å skape meistringskjensle og -tru, kva kvardagsaktivitet kan ha å seie for eit individ og diskusjon rundt funna i dei ulike studia. I avsluttinga summerer eg oppgåva sine hovudfunn.

## 2.0 Metode

Metode er reiskapen vi nyttar i møte med noko vi skal undersøke. Den er eit hjelpemiddel for å samle inn data, altså den informasjonen vi treng i undersøkinga vår (Dalland, 2017, s.52). Denne oppgåva er ei litterær oppgåve. Det betyr at eg har søkt i litterære oppslagsverk, nettbaserte søkemotorar og nytta bibliotek for å finne litteratur, som framgangsmåte for å svare på problemstillinga.

### 2.1 Litterær oppgåve som metode

I den litterære oppgåva søker ein i ulike databasar for å finne allereie eksisterande fagkunnskap, forsking og teori frå fagfeltet (Dalland, 2017, s.207). I denne samanheng har universitetet eigen database, og anbefalte databasar ein kan nytte seg av for å finne den dataen ein er ute etter. Sidan denne oppgåva berre er basert på litteratur som allereie eksisterer er det viktig å vere kritisk og vurdere kjeldene ein tek utgangspunkt i. Dette for å finne kjelder som er relevante og med god kvalitet. Det er viktig å vurdere kor kjelda kjem frå, kven som har skrive ho, og om ho er relevant opp mot tematikken som skal setjast lys på (Dalland, 2017, s.150).

### 2.2 Søkeprosessen

I den innleiande søkeprosessen prøvde eg meg fram med ulike ordkombinasjonar innan temaet. Eg sleit med å få treff fordi eg var for spesifikk, eller for uspesifikk. I denne perioda nytta eg til dømes ord som «miljørarbeid» saman med «kunst og håndverk», «barn» «kunstnerisk uttrykk» og «motivasjon», i ulike kombinasjonsformer på Oria og Idunn. Eg prøvde meg på nokre engelske søk på Sociological Abstracts, med sökeorda «motivation», «environmental work» og «arts and crafts». Dette ga enten veldig lite eller uspesifikke treff.

Etter samtale med vegleiar fekk eg konkretisert problemstillinga meir, samstundes som at sökeorda vart meir generelle, men også meir konkrete innanfor fagfeltet. Eg kom fram til ord som «miljøterapi», «aktivitet» og «barn». Desse har eg prøvd i ulike kombinasjonar på Oria og Idunn og fekk då opp fleire aktuelle artiklar. I tillegg fekk eg litteraturråd frå vegleiar om nokre bøker som kunne vere god hovudlitteratur.

Vidare gjekk eg gjennom litteraturlista til den litteraturen eg fann etter dette søket, og nytta det eg såg som høveleg til oppgåva. Etter kvart såg eg det som hensiktsmessig å supplere det

digitale søket mitt og gjekk inn i søkemotorane og nytta «behandling», «sosialt arbeid» saman med «miljøterapi». For å finne ei spesifikk kjelde frå ei litteraturliste søkte eg etter denne i det nettbaserte Nasjonalbiblioteket. Ut i frå desse søka fann eg brukbar litteratur til vidare skriving.

Eg tok utgangspunkt i dei artiklane eg hadde, og starta på skriveprosessen. Ut over i oppgåva såg eg at eg måtte ha fleire kjelder å vise til då det oppstod hol i litteraturen. Eg gjekk gjennom litteraturlista til dei kjeldene eg hadde i tillegg til å søke med dei same søkeorda på nyt, i andre eller breiare kontekstar. Då nytta eg spesifikt «musikkterapi», saman med «barn» og/eller «institusjon». I tillegg til at eg søkte med ord som «terapiriding» eller «Natur» saman med «miljøterapi». Etter dette søket enda eg med 3 musikkterapeutiske vitskaplege artiklar som omhandla ulike prosjekt, i tillegg til ein vitskapleg artikkel om Grøn Omsorg som prosjekt. Desse med fleire, vart utgangspunktet mitt for litteraturen på dette området. For å få ein allmenn definisjon på meistring, søkte eg «meistring» i Store Norske Leksikon, der eg fann ein artikkel på dette.

Kvalitetssikringa eg gjekk ut i frå var at eg ville ha mest mogleg vitskaplege og/eller fagfellevurderte artiklar og andre fagleg tynga kjelder. Dette var òg det eg enda opp med i tillegg til sjølvvalt litteratur frå tidlegare pensum, saman med supplerande litteratur. I tillegg har eg nytta støttande litteratur frå Fellesorganisasjonen, Lovdata, og andre fagfellevurderte eller vitskaplege artiklar.

I den spesifikke konteksten eg belyser tematikken i, er det tilsynelatande lite forsking på feltet, men likevel interessant og aktuelt då det er mange funn innanfor den forskinga som eksisterer. Difor er det relevant å sjå vidare inn i dette temaet, då det verkar å vere lite fokus på det i forskingsfeltet.

## 3.0 Litteratur

### 3.1 Sosialt arbeid i barnevernsinstitusjon

Sosialarbeidarar jobbar med menneskjer i alle aldrar og situasjonar, mellom anna i barnevernet, i og utanfor institusjonar (Brodkorb & Rugkåsa, 2015, s.301). I barnevernet kan ein sosialarbeidar jobbe innanfor kommunal sektor men òg statleg. Barnevernet skal sikre barnet sitt beste, og den overordna funksjonen deira er å sørge for at alle barn som veks opp i Noreg har god omsorgssituasjon (Berg, Ellingsen, Levin & Kleppe, 2015, s.22).

Gjennom barnevernlova har barnevernsinstitusjonar lovpålagt ansvar om å sørge for tilstrekkeleg ivaretaking av barnet når det gjeld behandling, juridisk- og omsorgssituasjon (Barnevernslova, 2021, §10-1). Institusjonen må organisere eit utviklingsrom som gjer at barnet får moglegheit til utvikling. Oppgåva til institusjonen er å justere seg etter kvart enkelt barn og deira situasjon, samstundes som det bevarer strukturen og kontinuiteten barnet treng (Kvaran & Holm, 2012, s.129). For å tilstrekkeleg sørge for dette er det viktig å ha kontinuiteten i kvardagen til barnet. Ein viktig del av dette er å ha stabilitet i personalet slik at barna kan få tid til å opparbeide gode relasjonar og tryggleik til dei som arbeider der (Barneombudet, 2020, s.38). Likevel ser vi at høgt arbeidstrykk og låge lønningar gjer at det vert stor utskifting i personalet generelt i barnevernet. Bufdir viser til statistikk frå SSB som fortel at ein av tre tilsette i communal og statleg barnevern sluttar innan eit år (Bufdir, 2022).

Barn har ulike behov, erfaringar, interesser og potensiale som dei tilsette i institusjonen skal imøtekome og bidra til utvikling i, for det enkelte barnet. Institusjonen sine planar skal omhandle barnet som individ, og at barnet skal ha målsetjing for å kunne delta og fungere i samfunnet med eigne ynskjer for notida og framtida. Barnet er eksperten på seg sjølv og difor er medverkinga og autonomien til barnet ein sentral del (Sommerfeldt, 2019, s.184).

Erik Larsen meiner at barn som vert sett i institusjon i Noreg treng meir enn den vanlege omsorga ein kan få i frå ein familie. Dei har behov for høgt kvalifiserte fagpersonar rundt seg, til dømes barnevernspedagogar, sosionomar og terapeutar, som kan yte høgare innsats for kvar enkelt (Larsen, 2018, s.17-18). Han fortel vidare at i institusjonssamanheng inneheld omsorg naudsynne grenser, og det å sjå og forstå barnet der dei er i sin situasjon og kvardag på eit djupare plan. Omsorg i allmenn forståing vert for grunn i forhold til det behovet eit barn i institusjon treng.

Integrerte barn forstår seg på kjensler, tankar og åtferd, og korleis desse påverkar kvarandre. Dei forstår ogso korleis dette verkar inn på samspelet med dei sjølve ovanfor andre. Larsen

nemner at därleg integrerte barn med relasjons- og samspelsforstyrringar har ingen eller redusert forståing for det same samspelet av kjensler, tankar og handlingar i samanheng med andre menneskjer (Larsen 2018, s.17). Dei skiftar mellom ynskje om nærliek og angst for avvising eller å verte invadert (Larsen 2018, s.19). Barna sine personlegdomar er i utakt med deira faktiske alder, er impulsive og har vanskar for å romme motstridande kjensler. Desse barna har ikkje åtferdsvanskar, men slit med seg sjølv og sine omgjevnadar. Dette er med på å skape større og større avstand mellom barna og personane rundt dei, som fører til problematikk og auka fortviling (Larsen, 2018, s.19).

### 3.2 Miljøterapi

Miljøterapien inneheld mange ulike teoriar og arbeidsmetodar, mellom anna læringsteori, åtferdsteori og psykodynamisk teori, samt påverknad frå sosialpsykologi og organisasjonpsykologi. Ein institusjon kan ikkje berre basere seg på ei arbeidsmetode då kvart enkelt barn treng ulik hjelp og støtte (Kvaran & Holm, 2012, s.109).

Den leiande norske definisjonen på miljøterapi, kjem frå Erik Larsen & Barbro Selnes. Dei seier følgjande:

*"miljøterapi er en systematisk og gjennomtenkt tilretteleggelse av miljøets psykologiske, sosiale og materielle/fysiske betingelser i forhold til individets og gruppens situasjon og behov. Hensikten med dette er å fremme deres muligheter til læring, mestring og personlig ansvar."- (Larsen & Selnes, 1975, s.14).*

Hovudessensen i denne definisjonen har Erik Larsen (2018), Inge Kvaran & Jan Holm (2012) og Jon A. Løkke (2022) teke utgangspunkt i og arbeidt vidare med. Larsen har eit syn på miljøterapien der han bryt ned ordet i to deler: miljødelen i ordet omhandlar organisering og det å leggje til rette for. Medan terapidelen av ordet omhandlar at individet sjølv skal skape forandring og utvikling i seg sjølv (Larsen, 2018, s.23). Kvaran & Holm sett miljøterapi i ein institusjonell samanheng, fordi det er i denne konteksten ein kan legge til rette og påverke miljøet terapeutisk gjennom heile døgnet (Kvaran & Holm, 2012, s.107). Løkke derimot har eit vidt perspektiv som omhandlar alle aspekt ved ein person sitt liv. Kvardagen, arbeidsplass, bustad, skule og fritid, er alle plassar miljøterapien kan nyttast som behandling ved å legge til rette dei fysiske og sosiale omgjevnadane (Løkke, 2022, s. 24). Hensikta med miljøterapien er i hovudtrekk å fremje moglegheiter for læring, mestring og personleg ansvar (Larsen, 2018, s.16).

Som arbeidsform baserer miljøterapi seg på ei utviklings- og barndomspsykologisk forståing. I det utviklingspsykologiske perspektivet er fokuset på barnet som individ. Barnet skal lære å passe inn med jamaldrande gjennom personleg integrasjon, større sjølvstende eller autonomi og lære sosiale aldersadekvate og praktiske meistringsstrategiar. Barnepsykologien viser til eit meir sosialt eller sosialpsykologisk perspektiv, der fokuset er barnet sitt møte med andre individ i sin omgangskrins. Dette set barnet sin oppvekst inn i kulturelle og sosiale samanhengar (Larsen, 2018, s. 31).

I følgje Kvaran & Holm, treng barn som er aktuelle for miljøterapi, meir enn vanleg omsorg og oppvekstmiljø. Barna treng i tillegg behandling og terapi (Kvaran og Holm, 2012, s.128). Larsen derimot, stiller seg kritisk til bruken av behandlingsomgrepet i samanheng med miljøterapi, då dette kan legge forventningar om at ein behandler skal kome inn og fikse problema til barnet. Dette strid mot grunntanken til miljøterapi, som er at barnet sjølv skal skape utvikling og forandring ved seg sjølv, med hjelp av miljøet rundt (Larsen, 2018, s.17).

Kvaran & Holm meiner tre punkt må ligge til rette for at miljøterapien skal ha føresetnad for å fungere: (1) miljøterapien må ta utgangspunkt i historikken til barnet og familien til barnet, (2) barnet si oppleving av seg sjølv, eigen familie og situasjon, og (3) miljøterapien sine teoriar og metodar må tilpassast barnet. Dersom desse ikkje ligg til grunn vil ikkje miljøterapi ha hensikt å nytte som metode. (Kvaran og Holm, 2012, s. 129).

Oppsummert er primæroppgåva til miljøterapien å sikre barnet si sjølvregulering, situasjonsfornemming, sjølvkjensle og sosial kompetanse i form av å kunne handtere relasjonar og samhandling med andre menneskjer rundt barna (Larsen, 2018, s.25).

### 3.3 Meistring

Meistring handlar i korte trekk om å klare å handtere oppgåver, situasjonar eller utfordringar ein møter gjennom livet, ferdigheter eller kompetanse, og situasjonar som kan vere vanskelege å overkome (Svartdal, 2018). For barn i institusjon omhandlar meistring det å gjere noko frigjerande, uavhengig av kva som er målet med aktiviteten. Meistring omhandlar ikkje berre prestasjon innanfor rammene av aktiviteten, men det å gjere noko gjevande for barnet (Ulset, 2009, s.89).

Resiliensen til eit barn fortel oss evna barnet sit inne med, til å stå i mot kriser og utfordringar. Med andre ord er resiliens ei nemning vi kan nytte for å fortelje kor stort meistringssannsyn eit barn har. Har barnet lite resiliens er sannsynet for at barnet greier å stå i ein tøff situasjon

lågare, og meistringssannsynet difor ogso lågare. Støtta barnet får av nøkkelpersonar rundt seg kan vere med på å auke denne resiliensen, i tillegg til optimisme og positivt sjølvbilete, medan negativ grubling og tenking verkar motsett (Svartdal, 2018).

For å ha føresetnad for å lære ny åtferd må ei meistringsforventing ligge til grunn. Dette går ut på at eit barn har kjensla av å kunne meistre noko. Det påverkar tankane, kjenslene og åtferda til barnet i situasjonen. Barn vil ofte unngå situasjonar og oppgåver dei ikkje trur dei greier å gjennomføre. Å dele opp oppgåver i mindre delmål kan vere med på å skape rom for suksess, meistring og læring (Fjeld & Lunde, 2022, s. 492).

Frode Svartdal skildrar gjennom Albert Bandura meistringstru, som omhandlar trua eit barn har til at det skal greie å gjennomføre noko. Ein kan ha høg meistringstru innanfor eit felt og lågt innanfor eit anna. Det verkar inn på barnet sin motivasjon til å gjennomføre ei oppgåve, og kva investeringar og mål dei set seg i sjølve oppgåva (Svartdal, 2018).

Svartdal viser til at attribusjon er ein annan viktig faktor innan meistring. Attribusjon går ut på at eit barn har ei føreinnte haldning til ei oppgåve eller ein situasjon barnet står i. Med dette meinast at om barnet til dømes opplever å ha dumma seg ut i ein samtale, kan barnet tillegge seg ein eigenskap der han «er därleg i sosiale lag», og gå inn i framtidige situasjonar med dette føreinntekne tankesettet. Dette gjev barnet lite kjensle av kontroll i situasjonar der han må vere sosial. Lite kontroll kan føre til ei lært hjelpeøyse og skape problem for vidare samhandling og utvikling. Attribusjon er knyta opp mot meistringsomgrepet fordi det ved situasjonar der personen tillegger därlege attribusjonar vil vere ei kjensle av lite meistring. (Svartdal, 2018).

Sjølvregulering er òg eit viktig aspekt ved meistring. Dette viser til korleis barnet forheld seg til mål dei har sett seg sjølv, gjennom åtferd, tenking og emosjonar. For å kunne nå eit mål, antek sjølvregulering at ein person greier å gjere dei naudsynte endringane for å kome seg dit. Forandre rutinar, planlegge dagane sine, endre prioriteringar og tenke langsiktig, alt dette er uttrykk for meistring og er ein del av sjølvreguleringa (Svartdal, 2018).

### 3.4 Aktivitet

Gjennom Hans Jørgen Bendixen (2001) skildrar Hege Simensen at alt eit menneske gjer kan forståast som aktivitet. Likevel er aktivitet meir enn berre ei handling eit menneske føretrek seg. Ei oppgåve er bygd opp av ei rekke meiningsfulle handlingar. Ei handling er derfor berre ein liten del av ei oppgåve. Med andre ord kan ein aktivitet definerast som ei samling av

handlingar og oppgåver i kvardagen. Desse er namngjevne og organiserte i tillegg til at dei skal ha verdi og betydning for individet og for kulturen (Simensen, 2013, s.103).

Simensen (2013, s.103) skildra eit døme om korleis baking som aktivitet, går føre seg. Ut i frå hennar døme og framgangsmåte skildrar eg ein ridetur slik: Om ein skal ri på tur med ein hest, må ein fyrst sjå til at hesten har det bra. Gje han mat og vatn, stelle han og gjere reint i boksa til ein kjem tilbake etter turen. So må ein børste hesten og gjere hovane reine, hente salutstyret, sale på sal og grime, for deretter å setje seg på. So må ein bestemme seg for kor ein skal gå, og gå denne turen. Når ein er ferdig med turen må ein ta hand om hesten, sale av, og børste han om det er naudsynt. Etter dette set ein hesten inn i boksa og gjev han kveldsmat. Dette skildrar ein aktivitet som inneber fleire ulike handlingar men som i utgangspunktet reknast å vere ei oppgåve, å fare på ridetur.

Ut i frå ei slik skildring av handlingar som i heilskap kan reknast som ei oppgåve eller ein aktivitet, ser vi på det meiningsfulle bak. Aktiviteten her omfamnar i tillegg det sosiale og kulturelle som skjer i situasjonen. Å fare på ridetur er ikkje berre kjeda av handlingar oppgåva inneheld, men og alle aspekta rundt. Slik som den sosiale omgangen og samhaldet det fører til i stallen saman med fleire med same interesse (Simensen, 2013, 103).

### 3.4.1 Aktivitet i kvardagen

Hege Simensen legg vekt på struktur og mening i si forståing av aktivitet og miljøterapi. Dagar handlar i stor grad om struktur. Gjeremål ein ofte ikkje tenkjer over, skjer på automatikk for folk flest og i ei spesifikk rekkefølge. Stelle seg før eit måltid for å vere rein, stå opp av senga og kle på seg kle som er passande for resten av dagen og so vidare. For nokre barn har denne strukturen og mønsteret på kvardagen løyst seg opp. Dagar har ikkje lenger mening, som igjen fører til at veker og månadar igjen ikkje har det. Kvardagen vert strukturlaus og tid er ikkje lenger eit omgrep barna forheld seg til, på same måte som resten av samfunnet, og kvardagen vert utan merkbare milepålar (Simensen, 2013, s.104).

Barn på institusjon uttrykker at musikk kan vere ei god støtte i kvardagen. Hege B. Beckmann legg fram Odd Frank Vaage (2016) sine funn som seier at barn og unge er storforbrukarar av musikk i kvardagen. Dei nyttar musikk som eit reiskap for å tonesette kvardagslege aktivitetar, og for å generelt komme seg gjennom dagen (Beckmann, 2019, s.7).

Simensen viser til Larsen og Selnes (1983) når ho seier at å ha stabil og strukturert repeterande kvardag, etter kvart vil skape trygge rammer for barna på institusjonen

(Simensen, 2013, s.104). Miljøterapien får difor ei viktig rolle med å strukturere kvardagen til barna. Miljøterapeuten arbeider stabilt med å strukturere tida, som legg grunnlag for at barna får best mogleg utgangspunkt til å arbeide med eigen utvikling og forandring. Barna får med dette erfare korleis det er å forhalda seg til den gjevne strukturen og på denne måten erfart kva dei slit meir med å gjennomføre. Denne prosessen er med på å forberede barna på kva samfunnet forventar av dei, ogso når dei vert eldre (Simensen, 2013, s.104).

Ut i frå Florence Clark (2006) meiner Simensen at det er essensielt at eit barn forstår dei bakanforliggende motiva i ein aktivitet for at det skal vere ei kjelde for meiningsfullheit. Samt at det i starten av eit institusjonsopphold nettopp kan vere vanskeleg for barnet å forstå motiva bak dei nye aktivitetane som vert presentert der (Simensen, 2013, s. 107). Ein ser at når aktiviteten kjem ut frå barna sine eigne interesser, vert motivasjonen gjerne høgare og sannsynet for at barnet lukkast deretter større (Simensen, 2013, s.107).

### 3.4.2 Musikk som terapi

Musikkterapi som verkemiddel er ofte grunna i pedagogisk teori. Då får barna tileigna seg forståing for musikk, samt at den legg til rette for trening på sosiale ferdigheter og kommunikasjon. Hovudmålet i musikkterapi er å hjelpe deltakaren å tilegne seg kunnskap, åferdsmønster og evnar som kan vere med på å hjelpe dei i andre settingar i samfunnet. Til dømes i arbeidslivet, vidare utdanning og sosiale samspel med vener eller andre kjente (Krüger, Bolstad & Stige, 2016, s.325).

Gjennom ulike forskingsprosjekt der barn og ungdom deltek i musikkrelaterte aktivitetar har Viggo Krüger, saman med fleire, forsøkt å finne ut kva godar som kan kome ut frå slik aktivitet (Krüger, Standbu & Stige, 2014; Krüger, Risnes, Nilsen & Høiseth, 2019). Det eine prosjektet, musikkverkstaden, omhandla ungdom i ettervernstiltak, der empiri vart samla inn i forbindelse med doktorgradsavhandlinga til Krüger. Forfattarane tok utgangspunkt i dataen han samla inn (Krüger et al., 2014). Det andre prosjektet omhandla barn med barnevernsbakgrunn i skulesamanheng (Krüger, et al., 2019).

Å høyre til i eit fellesskap der ein har ei spesifikk rolle vart teljande. Ungdomen fekk gjennom fellesskapet ei ny kjensle av positive identitetar og samhald. Dei vart forplikta ovanfor kvarandre til å stille opp og bidra, ut i frå sine føresetnadalar (Krüger et al., 2014 s.85).

Gjennom samarbeid mot felles mål førte dette til at barna og ungdomen hjelpte kvarandre i

arbeidet mot dette målet. Dei fekk stå i rolla som undervisar og undervist. Noko som førte til ei større forståing for kvarandre sine ferdigheiter og utfordringar (Krüger et al., 2019, s.49).

I prosjektet vart det lagt vekt på at gruppene skulle vere små slik at vaksentettleiken skulle vere stor. Dette førte til at barna opplevde tryggleik og fekk moglegheit til å etablere relasjon både til jamaldrande og dei vaksne som følgde dei opp (Krüger et al., 2019, s.47).

Gjennom å få vere med på å bestemme kva innhald aktivitetane skulle innehalde, kva oppgåver, songar, instrument og roller ein skulle fylle, fekk barna i stor grad vere med på å forme opplegget og kva dei sjølv skulle få ut av det (Krüger et al., 2019, s.49). Dei kunne ha større eller mindre synlege roller som kunne tilpassast kvar enkelt, som til dømes tekstforfattar, musikar eller forpleiing (Krüger, et al., 2016, s.328). Dei fekk meiningsfullt innhald i kvardagen og ei kjensle av sjølvtilitt, og sjølvrealisering av eigenskapar dei ikkje trudde dei hadde. Kunnskapen dei tileigna seg vart nyttig i andre kontekstar i livet også. Dei opplevde meistring i skulen og fann interesser for arbeid dei ikkje hadde funne om ikkje det var for prosjektet. (Krüger et al., 2014 s.87). «Tiltak som fremmer kontinuitet og stabilitet i de unges liv, vil kunne påvirke muligheten til å lykkes på skolen eller på fritidsarenaer» (Krüger et al., 2019, s.45).

Gjennom prosjekta var fokuset heile tida på at barna skulle kjenne på meistring. Aktivitetane gjekk gradvis for at det ikkje skulle framsetta som overveldande og umogleg å lære (Krüger et al., 2019, s.45). Prosjektet førte til ein motivasjon hjå barna, til å møte opp. Ved å ha tileigna seg musikalske ferdigheiter lagar barna nye moglegheiter for å kunne vise fram desse og skape meistringsopplevelingar. Barna får vist fram til jamaldrande, personale eller andre eventuelle omsorgsgjevarar, at marginaliserte barn også kan meistre noko (Krüger et al., 2019, s.49).

Ved å få relativt frie tylar til å kunne arbeide med dei ulike oppgåvene oppstod det likevel problematikk rundt status og maktubalanse i forhold til kven som fekk råderett mellom deltakarane. Dei etterlyste i tillegg betre organisering frå musikkterapeuten og meir transparens rundt avgjersler som vart teken (Krüger et al., 2014 s.86). Krüger, Bolstad & Stige påpeikar gjennom Steven Stack (1994) at «det er eit forhold mellom musikkinteresse og antisosial og/eller risikoorientert åtferd.» Det er difor viktig at slike prosjekt vert kopla opp til det sosiale og arbeid med fellesskap, der musikken vert nytta som eit reiskap for fellesskap og kultur i miljøterapeutisk kontekst (Krüger, et al., 2016, s.323-324).

### 3.4.3 Hest og natur som terapi

Tobba T. Sudmann koplar miljøterapien saman med dyr opp mot personar med funksjonsnedsetting. Å vere saman med dyr kan vere med på å forsterke dei positive sidene av ein person si fysiske og psykiske helse. Det gjev moglegheiter for sosial deltaking i varierande former, og kompetanseutvikling innan felt som omhandlar stell og handtering av mellom anna dyr og natur (Sudmann, 2022, s.503).

I eit studie Aasen & Andershed (2015) forestok seg saman med fire gardsbruk som tilbaud GO (Grøn omsorg), oppgav brukarane: «sansane som vart aktivert i samvær med dyra, minna om godheit eller meistring, samt at trivsel, ro og glede vart oppgjeve som ein psykisk gevinst» (Aasen & Andershed, 2015, s. 351). GO-tiltaket handlar i korte trekk om å tilby aktivitetar der ulike sider av naturen vert nytta på ein slik måte at det fremjar menneskjer si helse, trivsel og tilfredsheit. Dei nyttar seg av aktivitetar som hagearbeid, landbruk, aktivitetar med dyr og ecotherapy (Aasen & Andershed, 2015, s.344). Formålet med studiet var å utforske kva erfaringar brukarar med psykiske problem- og/eller rusutfordringar fekk gjennom å delta i eit slikt tiltak (Aasen & Andershed, 2015, s.351).

Dyr kan vere med på å skape trivsel og glede. Til dømes hestar og ponniar kan likevel vere farlege om ein ikkje handterer dei rett. Dei kan skade kvarandre eller menneskjer om vi ikkje samarbeider med dei og ser deira behov. I slike situasjonar vil praktiske rutinar, miljøterapeutane og ryttarar sine grunnleggande verdiar vere med på å førebygge og redusere eventuell risiko og uynskte hendingar som kan oppstå (Sudmann, 2022, s.507).

Handtering av dyr kan vere energikrevjande til tider og det er ikkje alltid ein skal forvente dei beste øktene med trening og riding. Difor kan det vere fint å spørje brukarane i starten av dagen kvar dei vil ha fokuset i dag. Har dei spesielle ynskjer og behov? Då kan det leggast til rette ved å til dømes ta ein roleg dag med stallarbeid eller anna gardsarbeid der ting kan gå litt roleg føre seg med moglegheit for å kunne trekke seg litt tilbake. Det er ikkje alltid folk har overskot til å handtere sterke og uføreseielege dyr (Sudmann, 2022, s.509).

Sudmann peikar på at det i dag er ei aukande interesse for å integrere dyr og natur i arbeid med menneskjer, i helsearbeid, sosialt- og pedagogisk arbeid. Å arbeide med dyr, vere i naturen og arbeide i og med han, kan gje mange moglegheiter for læring og utfolding, og gjev helsefremjande verknadar i helse, læring og restitusjon. Landskap og velvære koplast saman, og friluftsliv gjev oss ei oppleving av nærliek til naturen som gjer godt. Arenaer der det finns hest eller dyr, gjev rikare moglegheiter for sosial deltaking og sjølvbestemming (Sudmann, 2022, s.514).

## 4.0 Drøfting

### 4.1 Barnevernsinstitusjon og det sosiale arbeidet

Barnevernslova skal sikre at barn får forvarleg omsorg og ivaretaking, også i institusjon. For å sikre dette er det viktig å ha kontinuitet i personalet slik at relasjonar får tid til å bygge seg opp mellom dei og barna som bur der. Som Bufdir påpeikar er utskifting av personalet i barnevernet ganske høgt, på grunn av ulike faktorar (Bufdir, 2022). Dette kan vere med på å gjere det vanskeleg for barna som bur i institusjonane å knyte band til dei som arbeider der, då det er stort sannsyn for at den tilsette dei forheld seg til sluttar. Om dette skjer regelmessig kan dette føre til at barna ikkje lenger ynskjer å legge ned innsats for å skape relasjonar og at dette vidare fører til relasjonsforstyrningar (Larsen, 2018, s.19).

Grunnen til at barna som kjem til barnevernsinstitusjon treng meir enn vanleg familiær omsorg (Kvaran og Holm, 2012, s.128), er fordi dei ikkje har fått tilgang på dette gjennom oppveksten. Dei har kanskje eit dysfunksjonelt forhold til omsorg, og som Larsen (2018, s.19) påpeikar, eit skiftande ynskje mellom nærliek og angst for å verte avvist eller invadert.

Dette tyder på at barna kanskje har måtte kjempa for den omsorga og nærlieken dei har fått. Den har ikkje vore ubetinga frå foreldra. Eit anna tilfelle kan vere at dei har opplevd avvisning frå foreldra opp gjennom barndomen. Barnet vel å avvise først fordi dei tek kontroll i situasjonen og bestemmer utfallet før nokon andre kan. Å forstå dette og sette det i kontekst til barnet og deira historikk er difor veldig viktig, for å ha moglegheit til å kome i posisjon til å kunne hjelpe dei. Difor er det grunnleggande at dei som arbeider med barna på institusjonen har brei kompetanse og kan einast om korleis kvart enkelt tilfelle skal handterast.

Sosialarbeidaren har innsikt i det sosiale samspelet i heile situasjonen, barnevernspedagogen har meir spisskompetanse retta mot barnet, og terapeuten har kunnskap om korleis ein kan hjelpe barnet vidare. Difor er desse, saman med fleire profesjonar, viktige å ha i ein institusjon.

Miljøterapi i barnevernet vert difor vesentleg for å kunne forstå og hjelpe barna på ein meir strukturert måte, der ein også forstår kvifor noko fungerer eller ikkje. Alle foreldre kan gjere nokre ting bra og nokre därleg, og vere heldig eller uheldig med enkelte ting dei gjer under oppseding av sine barn. Miljøterapi er ikkje ei oppsedingsmetode i seg sjølv men sett i heilskap kan den føre til positiv åtferd og sjølvrefleksjon hjå barnet, på ein måte som er sett i system. Eg kan tenke meg at det er difor Larsen (2018, s.17) legg so stor vekt på at det ikke berre skal sjåast på som ei behandling, men heller noko meir. Miljøterapi inneheld ei form for behandling men om ein nyttar konseptet godt kan det romme veldig mykje. I tillegg meiner

Larsen (2018, s.17) at behandlingsomgrepet legg føringar for at nokon andre skal fikse barnet, medan miljøterapi skal legge til rette for at barnet sjølv skal vere nysgjerrig, tenkje, reflektere og finne fram til forandring hjå seg sjølv. Ein prosess barnet sjølv skal skape, med litt starthjelp frå miljø og personar rundt dei.

#### 4.2 Gradvis framgang for å skape meistringstru

I følgje Svartdal (2018) kan eit barn vise meistring og ikkje-meistring i mange forskjellige aspektar ved livet. At eit barn ikkje kjenner på meistring i eit felt, vil ikkje naudsynelegvis seie at barnet ser ned på seg sjølv i alle andre kontekstar. Problem oppstår derimot når barnet startar å tvile på seg sjølv i for mange settingar. Barnet kan då ha tileigna seg ein negativ attribusjon som pregar kvardagen og skapar denne hjelpelause tilstanden barnet ikkje klarer å kome seg ut av. Som Fjeld & Lunde (2022, s.492) påpeikar, må der ligge ei viss meistringstru til for at barnet skal kunne tileigne seg ny åtferd. Om ei viss meistringstru ikkje er til stades, er det viktig å kartlegge kva som er utfordrande og tilpassa miljø og situasjon rundt barnet. Ut frå dette får barnet oppgåver og gjeremål som ligg innanfor den nærmaste utviklingssona. Det kan vere oppgåver og gjeremål som i utgangspunktet er for utfordrande for barnet åleine, men med hjelp, vegleiing og oppmuntring klarer det å utvikle seg.

Det er ikkje slik at barn ikkje har noko form for meistringstru eller tru på seg sjølv (Svartdal, 2018), men grunna lav resiliens kan det ha oppstått store kunnskapshol som ikkje er ynskjelege. Dette på grunn av at barnet gjev seg raskt ved motstand. Arbeidet til ein sosialarbeidar vil vere å avdekke desse hola og hjelpe barnet med å tette dei. Grunnen til at miljøterapi er eit godt eigna reiskap for å gjere dette, er at ein kan legge opp til å støtte barnet eksternt ved å til dømes kjøpe inn bøker og vere med på å lese dei, få tak i instrument og lære dei korleis dei musiserer, og elles gjer ymse oppgåver saman med barnet. For at barnet skal ha lyst til å ville gjere noko med kunnskapsholet er det viktig å få dei til å forstå fordelen av denne kunnskapen ved å skape interesse og motivasjon til læring ut i frå miljøet.

Eit døme på framgangsmåte, kan vere å snakke med barnet og få dei til å velje ut ein eller fleire aktivitetar som barnet sjølv trur det har føresetnad for å greie. For deretter å hjelpe barnet i å få til dette i løpet av ei periode. Om det er å stå opp regelmessig i ei høveleg tid, ver med å vekk barnet til same tid kvar dag i ei veke og gjer noko kjekt med barnet etter at dei har stått opp. Då får ein bakt inn struktur og rytme, samstundes som barnet får assosiasjon til å gjere noko kjekt i samanheng med aktiviteten. Ein kan moglegvis nytte påskjønning for å

motivere barnet. Ein kan flytte tidspunktet gradvis tidlegare og redusere påskjønninga etter kvart som barnet meistrar den nye kvardagen. Ved å redusere påskjønninga introduserer ein også til barnet at det ikkje er vanleg å få noko berre for å stå opp, og at det å stå opp er ein del av eit vanleg liv. I dette tenkte dømet får barnet hjelp, motivasjon og moglegheit til å kunne meistre det å stå opp om morgonen ved hjelp av gradvis regulering (Fjeld & Lunde, 2022, s.492).

Ved å ta det gradvis får barnet moglegheit til å ta prosessen steg for steg og kjenne på ei aukande meistringskjensle. Barnet får moglegheit til å snu om på synet på seg sjølv og sjå at det også kan få til ting, litt etter litt. Barnet får kontroll på situasjonen og har ei ramme som er føreseieleg, som Svartdal (2018) seier kan vere med på å auke meistringskjensla. Den aukande meistringskjensla er med på å gje barnet trua på vidare utvikling og motivasjon for å meistre framtidig aktivisering.

#### 4.3 Motivasjon

Simensen påstår ut frå Florence Clark, at barnet må kunne forstå dei bakanforliggende motiva i aktivitetten (Simensen, 2013, s.107). Barn har ulike interesser og sjølv om dei forstår kva meiningsfullhet bak ein aktivitet og oppgåve er, er det ikkje dermed sagt at dei personleg oppfattar aktivitetten som meiningsfull og gjevande. Det kan tenkast at barn som ligg etter i utvikling, ikkje forstår dei bakanforliggende motiva for aktivitetten dei ynskjer å halde på med. Likevel kan dei kanskje kjenne på ei meiningsfullhet når dei gjer aktivitetten.

Det barn synes er morosamt, er oftast det barn syns gjev mest mening for dei å gjere, då ingen barn vil gjere kjedelege aktivitetar. Sidan alle barn er unike og har forskjellige erfaringar i livet, er dette også faktorar som legg føringar for kva dei tenkjer er meiningsfullt, innanfor aktivitetten. På den eine sida kan nokon gjennomføre aktivitetar fordi aktivitetten i seg sjølv er det som er gjevande, og ikkje omgjevnadane. I prosjektet om musikk som miljøterapi, vart det lagt vekt på eiga meistring, men også det sosiale samspelet. Her kunne nokon av barna sett på musikken i seg sjølv som gjevande og meiningsfull, men ikkje hatt forståing for det bakanforliggende motivet som var nettopp meistring og sosialt samspele gjennom denne aktivitetten. Ut i frå perspektivet til Simensen (2013) kan ein tenkje seg at dette kan variere frå barn til barn. Det er barnet sjølv som må tillegge aktivitetten motiv for at det skal kjenne på meiningsfullhet og eventuelt meistring. Med andre ord kan barn synast at ein aktivitet er meiningsfull ut i frå det barnet tillegg aktivitetten, og at desse eigenskapane ikkje

naudsynlegvis samsvarar med kva eigenskapar dei vaksne tillegg aktiviteten. Likevel er det barnet oppfattar som meiningsfullt, å rekne som like viktig som det dei vaksne oppfattar som viktig i aktiviteten. På den andre sida kan nokon barn synast at det er det sosiale samspelet som er artig med aktiviteten, å få vere med andre barn og ha det kjekt. Ikkje at det å spele instrument i seg sjølv er det som er artigast. Som regel vil ein likevel finne ein mellomting som er med å motivere for å gjennomføre aktiviteten.

#### 4.4 Kvardagen i institusjon

Livet består i aller høgste grad av kvardagen. Å fungere i den er det viktigaste ein kan gjer for å få eit fungerande og normalisert liv. Simensen legg vekt på at dei kvardagslege aktivitetane og strukturen må vere på pass før ein kan bygge på noko anna (Simensen, 2013, s. 104). Institusjonen består i stor grad av rutinar og struktur. Tatt dette i betrakning kan det oppstå eit skilje om barnet berre oppheld seg inne på institusjonen utan å ta del i samfunnet utanfor.

Skule er eit normalt gjeremål for barn, og kan sjåast på som "arbeidsplassen" til barnet i løpet av dagen. Løkke har eit perspektiv der miljøterapien omfattar både heim, skule, fritidsaktivitetar med meir (Løkke, 2022, s.24). Skule og kvardag går hand i hand og det er difor behov for ein viss struktur for at skule skal vere mogleg å gjennomføre over ei lengre periode utan problem. Skulen fungerer som strukturgjevande, då ein skal møte opp til spesifikke tider i vekedagane, saman med resten av klassekameratane. At barnet som bur på institusjon får møte andre barn enn berre dei som barnet bur saman med, kan vere med på å normalisere livet til barnet, sett i eit samfunnsperspektiv. Barnet får innspel og samhandling frå resten av samfunnet og ikkje berre frå subkulturen som vert skapt på institusjonen. Fordi barn som bur på institusjon ofte er i utakt med den faktiske alderen dei er i (Larsen, 2018, s.19), kan skule vere ei del av ei behandling der dei vert eksponert for aldersadekvate sosiale situasjonar, kultur og fellesskap (Larsen, 2018, s.31).

##### 4.4.1 Musikklytting som reiskap

Beckmann peiker på at å høyre på musikk vert nytta som eit hjelpemiddel av barna i kvardagen til å tonesette aktivitetar (Beckmann, 2019, s.7). Dette kan vere aktivitetar dei ser på som kjedelege eller lite gjevande, der musikken gjer det lettare å gjennomføre, og stå i det kjedelege. Som berre eit reiskap kan musikken difor vere veldig hjelpsamt. Problem kan likevel oppstå om dei ikkje klarer å gjennomføre aktivitetane eller oppgåvene utan musikk.

Då er det ikkje lenger eit hjelphemiddel, men ein føresetnad for å kunne gjennomføre den enkelte aktiviteten. Det å gjere seg so avhengig av eit hjelphemiddel, at det vert ein føresetnad, kan moglegvis gjere det vanskelegare for vidare framgang i behandling og generelt i kvardagen.

Å ha interesser ser vi på som generelt positivt. Problem kan derimot oppstå når denne interessa går over i usunne vaner og skadeleg åtferd. Som Sommerfeldt påpeiker er barn eksperten på seg sjølv og kva behov dei sitt inne med til ei kvar tid (Sommerfeldt, 2019, s.184). Ein må difor høyre på kva dei har å seie om seg sjølv. Likevel er ikkje alle interesser eit barn førettek seg i kvardagen, sunt for dei. Slike interesser er ikkje naudsynlegvis dårlig i seg sjølv, men kan verke dårlig inn på det spesifikke barnet. Krüger et al. påpeiker gjennom Stack (1994) at musikkinteresse kan føre til antisosial og risikoorientert åtferd (Krüger, et al., 2016, s.323). Eit døme på dette kan vere at eit barn vil sitte inne på rommet sitt åleine og høyre på musikk i fleire timer. Dette er sjølvsagt greitt no og då, men om dette vert normalt vert det isolerande og skapar avstand frå resten av barna og dei tilsette på institusjonen. Då har det som skulle vere eit reiskap, gått over til å skape fleire problem enn det i utgangspunktet skulle vere med å hjelpe.

#### 4.5 Aktivitet i miljøterapeutisk kontekst

Som vist til i litteraturen er det mange ulike former for aktivitet som kan setjast i samanheng med miljøterapi. Å sjå på aktiviteten i kvardagen og få den strukturert, er like viktig som å halde på med andre kanskje meir spanande aktivitetar. Aktivitetar som går utanfor den kvardagslege normala gjev likevel mange moglegheiter for utvikling og nye inntrykk. Det kan til dømes verte ei kjelde til motivasjon gjennom veka, at barnet får reise på riding eller spele instrument fast ein gong i veka.

##### 4.5.1 Musikkaktivitet som metode for meistring

Det eine musikkprosjektet omhandla barn med barnevernsbakgrunn (Krüger et al., 2019) medan det andre prosjektet omhandla ungdom med barnevernsbakgrunn i ettervernstiltak (Krüger et al., 2014). I desse gruppene var deltakarane jamaldrande og i til dels lik situasjon, innad i prosjekta.

Desse prosjekta ser eg som overførbare til institusjonsarbeid då det i stor grad er same målgruppe som har delteke i prosjekta. Skilnaden er tid og stad, men dette er noko som lett kunne vorte gjennomført på institusjon, med små justeringar om naudsynt. Hovudessensen av begge prosjekta er gruppeorientert musikkterapi der deltakarane arbeida i mindre grupper (Krüger et al., 2019, s.44). Dette er veldig greitt å legge til rette for i institusjon om ein får tak i utstyret som trengst.

I dei to forskjellige musikkterapeutiske prosjekta var fokuset i stor grad på at deltakarane skulle kjenne på ei meistring og få trua på seg sjølv til å kunne gjennomføre prosjektet. Deltakarane starta med lite til ingen forkunnskap og fekk opplæring frå start. I tillegg gjennomførte dei med jamaldrande barn og unge i same situasjon, der dei fekk stå side om side, og samarbeide mot eit felles mål. Oppfølginga frå terapeutane skulle vere god og lista for å lukkast skulle vere lav. (Krüger, et al., 2014, s.78-93; Krüger, et al., 2019, s.40-55).

I forhold til skildringa til Larsen og Selnes (1975, s.14) er nettopp desse prosjekta miljøterapeutisk arbeid, då terapeutane forma miljøet rundt deltakarane for å skape moglegheit for læring, meistring og personleg ansvar. Deltakarane fekk lære korleis instrumenta og songane skulle spelast, men i tillegg vart det skapt eit rom for at deltakarane kunne vere med å lære kvarandre og skape gode relasjonar seg i mellom. Musikken viste seg som samlande og gjevande so lenge moglegheitsrommet innanfor opplegget vart godt nytta.

I lys av meistring ser ein at prosjekter har hatt stor innverknad på deltakarane. Som Ulset (2009, s.89) argumenterer for, kan dette prosjektet ha hatt ei frigjerande kjensle for deltakarane. Dei fekk moglegheit til å ha stor innverknad på innhaldet og kva dei sjølve skulle gjer av oppgåver innad i prosjektet. Fokuset var ikkje å verte god, men å vere saman og ha det kjekt, som Ulset (2009 s.89) i seg sjølv meiner kan vere ei frigjerande kjensle. Gjennom prosjektet kan det tenkast at deltakarane får oppleve å verte kjent med eigne kjensler og reaksjonar, og gjennom læring og samhandling få betre sjølvinnnsikt og kjennskap til eigne eigenskapar. Musikk kan vere eit kraftfullt reiskap når det er kjensler involvert og ein god måte å lære nye sider ved seg sjølv.

Gjennom prosjektet med ungdom i ettervernstiltak ser ein likevel at det kan oppstå problematikk i forhold til maktposisjonar mellom deltakarane (Krüger et al., 2014, s.86). Dette kan truleg oppstå på grunn av fleire faktorar. Alderen til deltakarane kan ha noko å seie; at deltakarane er jamaldrande kan føre til at det ikkje vert ein naturleg leiar ut i frå alder, og at dei difor utfordrar kvarande i ulike situasjonar. I same prosjektet etterlyste deltakarane også betre organisering og transparens av val som vert tekne (Krüger et al., 2014, s. 86). Desse

problema kan også vere knytt saman, fordi lite organisering kan gjere at deltakarane må stå for fleire større val. For at denne prosessen ikkje skulle ta for lang tid var det kanskje enkelte deltakarar som markerte seg meir med å skjære gjennom med sine forslag. Problemet med maktbalansen mellom deltakarane kunne moglegvis ha vert unngått om dei som organiserte hadde laga ei tydlegare ramme. Likevel kan ein tenke seg at å få litt utfordringar for deltakarane gjennom slikt samspel, kan vere ei moglegheit for personleg vekst og utforsking i det sosiale samspelet. Det skapar rom for eigenrefleksjon og personleg utvikling.

#### 4.5.2 Hest og natur som reiskap for meistring

Dyr og natur har i følgje Sudmann (2022, s.503) store helse-, sosiale- og læringsfremjande verdiar. I GO-studiet refererer dei til sanseinntrykk som minna om godheit eller meistring og fleire psykiske gevinstar (Aasen & Andershed, 2015, s.351). Sjølv om GO-prosjektet var retta mot personar med psykiske- og/eller rusproblem, og at Sudmann (2022, s.503) ser på terapi med hest i lys av funksjonsnedsetjing kan ein likevel tenke seg at samhandling med dyr og natur kan skape universelle former for kjensler. Dyr og natur vil ikkje forskjellsbehandle menneskjer so lenge dei vert møtt på ein god og omsorgsfull måte. At barn i institusjon får moglegheit til å vere med dyr kan då antakast å ha same effekten som dei oppnådde i prosjektet.

Moglegheita for læring, utfolding og den gode kjensla av å vere nært dyr og natur (Sudmann, 2022, s.514) er eit godt grunnlag for å skape rom for meistring. Gjennom å tilpasse opplegg til kvar enkelt gjer det at oppgåvane vert meir overkomelege, og moglegheit for meistringskjensle aukar. At eit barn kan greie å gjere enkelte oppgåver ein dag på tross av å ha ein dårleg dag, kan vere med på å vise at situasjonar ikkje er svart/kvit men at mål kan nåast på tross av motivasjonsnivå den dagen.

Om ein driv med aktivitet i naturen eller dyr er det viktig å tenke over at dette ikkje kjem utan risiko. Er ein ute er det viktig å behandle naturen med omhug og forlate den slik den såg ut når ein kom. Til dømes kan bålbrenning, som er ein integrert del av friluftsliv, vere både krevjande og potensielt farleg. Ein må kle seg etter forholda ute, fordi det kan verte farleg å ikkje ha rett utstyr og kledning om ein kjem ut for ein utfordrande situasjon i skogen. I slike tilfelle er det viktig å inneha rett kunnskap før ein tek føre seg på slike oppgåver. Sameleis skal ein ta omsyn til dyra. Hest er kraftfulle dyr, difor må ein handtere dei på ein passande

måte. Det kan vere lurt å «tune» seg inn på dyret og sjå kva den har behov for, om den treng ro eller å få ut energi.

I samhandling med dyra kan barn lære sjølvregulering ut i frå dyret sin oppførsel. Gjennom å sjå reaksjonar frå dyret kan barn sjå konsekvensar av deira oppførsel og få moglegheit til å lære av dette. I naturen får barna rom for å puste ut og vere saman med turfølgjet på ein heilt anna måte enn på institusjonen. Ein får nye impulsar og ei ny samhandling mellom deltakarane som gjev moglegheit for nye kunnskapar, sjølvtilleit og velvære (Sudmann, 2022, s.514).

#### 4.5.3 Ulike aktivitetar, same mål

Musikkaktiviteten eg skildra i oppgåva er gruppeorientert medan aktiviteten som omhandla hest og natur, samt kvardag er individorientert. Dette skapar store skilje i dei ulike aktivitetane i form av gjennomføring og fokusområde. Barn har ulike interesser og det er difor viktig at barna får vere med å medverke i kva typar aktivitet dei skal foreta seg. Sjølv om desse aktivitetane har ulike framgangsmåtar, har dei likevel ei lik målsetjing, at barnet skal oppleve meistringskjensle, sosialisere seg med andre barn og vaksne, i tillegg til at barnet skal få ei kjensle av å vere med i eit samfunn av personar med same interesse.

## 5.0 Avsluttande refleksjonar

I denne oppgåva har eg hatt eit individorientert perspektiv på barn i barnevernsinstitusjon. Eg har sett lys på kva faktorar innan aktivitet, i miljøterapeutisk kontekst, kan påverke og vere viktige for at barnet skal oppnå meistring.

Viktigheita av gode relasjonar og god fagleg grunna omsorg er vesentleg for å skape rom og moglegheit for utvikling, motivasjon og meistring. For å skape dette rommet for meistring er det viktig å hjelpe barnet med å snu på negativt tankesett og åtferdsmønster, gjennom planlagde og tilrettelagde aktivitetar. Dette kan ein gjere med gradvis tilpassing gjennom miljøet og situasjonen rundt barnet, slik at barnet sjølv kan lære og utvikle seg på sine premiss. Meistring i kvardagslege aktivitetar kan føre til at barnet får ein utvida horisont og trua på at det klarer nye og kanskje meir utfordrande aktivitetar, på sikt. Aktivitet kan føre til nye relasjonar mellom barna som bur i institusjonen og ny sosial samhandling. For at eit barn skal kunne stå i å halde fram med ein aktivitet, er det viktig at barnet sjølv greier å tillegge aktivitetten ei mening og verdi, der kan det også vere hjelpsamt med reiskap som gjer denne aktivitetten lettare. Gjennom aktivitet kan barnet oppnå ein større kjennskap til seg sjølv, og lære nye eigenskapar barnet ikkje trudde det hadde potensiale til å lære i utgangspunktet. Dette gjennom organisering og tilpassa utfordring.

Ved å skape nye intrykk, situasjonar og moglegheiter, skapar ein rom for meistring. Difor er aktivitet i ulike former positivt for barnet. Moglegheiter kjem ikkje utan at ein skapar rom for dei. Ein kan potensielt også skape situasjonar som er vanskeleg for barnet å handtere, men det er difor viktig at det er fagpersonar som kan verne om og hjelpe barnet til å nå måla sine, gjennom strukturen miljøterapi skapar.



## Litteraturliste:

- Aasen, R. O. & Andershed, B. (2015). Å komme i balanse med hjelp av Grøn omsorg. *Nordisk sygeplejeforskning*, 5(4), 343-355.  
<https://doi.org/10.18261/ISSN1892-2686-2015-04-04>
- Barneombudet. (Januar 2020). “*De tror vi er shitkids*” (ISBN 978-82-7987-210-8 / Rapport om barn som bor på barnevernsinstitusjon - 2020). Barneombudet.  
<https://www.barneombudet.no/uploads/documents/Publikasjoner/Fagrappporter/De-tror-vi-er-shitkids.pdf>
- Barnevernlova. (2021). *Lov om barnevern* (LOV-2021-06-18-97). Lovdata.  
<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97>
- Beckmann, H. B. (2019). «Viss det går en dag utan musikk, føler eg at eg ikkje har levd den dagen» -om ungdommers musikkbruk som en eksistensiell ressurs. *Norges Barnevern*, 96(1-2), s.6-21. <https://doi.org/10.18261/ISSN.1891-1838-2019-01-02-02>
- Berg, B., Ellingsen, I. T., Levin, I. & Kleppe, L. C (2015). Kapittel 1: Kva er sosialt arbeid?. I L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: En grunnbok* (1, s. 19-35). Universitetsforlaget.
- Brodtkorb, E. & Rugkåsa, M. (2015). Kapittel 20: Utfordringer for sosialt arbeid i dag. I L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: En grunnbok* (1, s. 299-313). Universitetsforlaget.
- Bufdir. (2022, 04.oktober). *Ny rapport: lav lønn og høyt arbeidspress gjør at folk slutter i barnevernet*. <https://www.bufdir.no/aktuelt/ny-rapport-lav-lonn-og-hoyt-arbeidspress-gjor-at-folk-slutter-i-barnevernet/>
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6). Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Ellingsen, I. T. & Skjefstad, N. S (2015). Kapittel 6: Annerkjennelse, myndiggjøring og brukermedvirkning. I L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: En grunnbok* (1, s. 97-111). Universitetsforlaget.
- Fellesorganisasjonen. (2017). *Global definisjon av sosialt arbeid*. Henta 01.05. 2023 frå:  
<https://www.fo.no/aktuelle-brosyrer/global-definisjon-av-sosialt-arbeid?fbclid=IwAR0U0XhFrxIBRFedLrXPlsExteqlrsvQkuOQrf4i8qMlRzj2-Vx83jTvCEw>

Fellesorganisasjonen. (2015). *Yreksetisk grunnlagsdokument: For barnevernsperdagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere*. Fo. <https://www.fo.no/getfile.php/1324847-1580893260/Bilder/FO%20mener/Brosjyrer/Yrkesetisk%20grunnlagsdokument.pdf>

Fjeld, W. & Lunde, G. H. (2022). Kapittel 25: Seksuell helse, kartlegging og veiledning. I J. A. Løkke (Red.), *kunnskapsbasert miljøterapeutisk arbeid* (1, 25, s. 479-497). Universitetsforlaget.

Krüger, V., Bolstad, N. & Stige, B. (2016). Hvorfor og hvordan utvikle musikkterapi i barnevernet? – Om tjenesteutvikling og forsking om samspillende sosiale praksiser. *Norges Barnevner*, 93(3-4), 322-338.

<https://doi.org/10.18261/issn.1891-1838-2016-03-04-14>

Krüger, V., Risnes, T., Nilsen, C. S. & Høiseth, T. (2019). Musikkterapi og skoledeltakelse for ungdom med barnevernsbakgrunn – en Casestudie. *Norges barnevern*, 96(1-2), 40-55. <https://doi.org/10.18261/ISSN.1891-1838-2019-01-02-0>

Krüger. V., Standbu. A. & Stige, B.,(2014). Musikkterapi som ettervernstiltak i barnevernet - deltagelse og jevnalderfellesskap. *Norges Barnevner*, 91(2-3), 78-93.

<https://doi.org/10.18261/ISSN1891-1838-2014-02-03-03>

Kvaran, I. & Holm, J. (2012). *Barnevernsfaglig miljøterapi* (1.). Cappelen Damm Høyskoleforlaget.

Larsen, E. (2018). *Miljøterapi med barn og unge: Organisasjonen som terapeut* (3.). Universitetsforlaget.

Larsen, E. & Selnes, B. (1975). *Fra avvik til ansvar: En miljøterapeutisk tilnærming for ungdom i institusjon* (1.utg.). Tanum-Norli AS.

Løkke, J. A. (2022). Kapittel 1: innledning. I J. A. Løkke (Red.), *Kunnskapsbasert miljøterapeutisk arbeid* (s. 19-36). Universitetsforlaget.

Svartdal, F. 29. august 2018. *Mestring*. Store norske leksikon. Henta 18. april 2023 frå <https://snl.no/mestring>

Simensen, H. (2013). Aktiviteter i en miljøterapeuts kontekst. *Norges barnevern*, 90(2), 100-109. <https://doi.org/10.18261/ISSN1891-1838-2013-02-04>

Sommerfeldt, M. B. (2019). Relasjoner mellom barn og vaksne på barnevernsinstitusjoner i Norge: Vår tids forståelse sett i et historisk perspektiv. *Norges Barnevern*, 96(3), s. 172-188. <https://doi.org/10.18261/ISSN.1891-1838-2019-03-04>

Sudmann, T. T. (2022). Kapittel 26: Aktiviteter med hest for trivsel, læring og helse. I J. A. Løkke (Red.), *Kunnskapsbasert miljøterapeutisk arbeid* (s.503-520). Universitetsforlaget.

Ulset, G. (Oktober 2009). *Ungdoms fritid ved opphold i barnevernsinstitusjon – Fritid! Tid fri?* (Rapport nr. 15/2009). NTNU Samfunnsforskning AS.  
<https://samforsk.no/uploads/files/Publikasjoner/Ungdoms-fritid-ved-opphold-i-bvinst-BUS-RAPPORT-15-2009.pdf>

